

FLASKEÅND

Han såg eit lys
I enden av ein flasketut
Kanskje var det der ei ånd kom ut og sa:
Eg er ein djinn
Kom bli med inn
Eg har sofa og sitjeplass for fem
Eg har kake, og eg har piska krem

Ho sa:
Eg er ein djinn
Eg vart kasta ned
Eg var eit lys
Ba deg vere med
Eg er ein djinn
Eg kan vekse stor
Eg kan nesten forsvinne
Kan ligge gøymd i jord
Kan skimtast i vatn
Kan høyrast i vind
Kan flimre i eld
For eg er ein djinn

Han gjekk forbi
Han tenkte: Eg kan vente litt
Tida mi vil kome, eg kan gi litt tål
Ho er ein djinn
Eg slepp nok inn
Først skal eg reise og oppdage ei verd
Eg vil vandre, eg vil leve i mi ferd

Ho sa:
Eg er ein djinn
Eg kan kaste deg ned
Du kan bli eit lys
Viss du blir med
Eg er ein djinn
Eg kan gjere deg stor
La deg nesten forsvinne
La deg bli gøymd i jord
Du kan bli rislande vatn
Du kan bli susande vind
Du kan bli flimrande eld
For eg er ein djinn

Han gjekk forbi
Han tenkte: Eg kan vente litt
Tida mi vil kome, eg kan gi litt tål
Ho er ein djinn
Eg slepp nok inn
Først skal eg reise og oppdage ei verd
Eg vil vandre, eg vil leve i mi ferd

Han såg eit lys
I enden av ein flasketut
Hugsar såvidt ei ånd kom ut og bad
Han kome inn
Ho var ein djinn
Ho dansa, håret flagra som eit slør
Han har sovna, han drøymer og er ør
No kjem ho inn
Ein ange gin
På eit fortau med sitjeplass for fem
Åleine, inga kake, ingen krem